



Alexander Stokke Wiederstrøm  
Sudmanns Vei 26  
5037 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1182 - 23/15072

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
23.02.2023

## Løyve til utslepp av avløpsvatn frå basseng - gbnr 108/40 Lindås

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 215/23**  
**Byggestad:** Gbnr: 108/40  
**Tiltakshavar:** Alexander Stokke Wiederstrøm  
**Ansvarleg søkjar:** Alexander Stokke Wiederstrøm  
**Type utslepp:** Utslepp frå basseng  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for avløpsvatn frå basseng på gbnr. 108/40 Lindås på følgjande vilkår:

1. Utsleppsløyve vert gjeve for utslepp av avløpsvatn frå basseng med storleik på omlag 27 m<sup>2</sup>. Total vassmengd i bassenget er omlag 40m<sup>3</sup>.
2. Avløpsvatnet skal først til terreng som vist i situasjonsplan datert 19.12.2021.
3. Før nedtapping skal bassenget stå utan kjemikalietilførsel i minimum 14 dagar. Klormengd i avløpsvatnet skal vera tilnærma lik null ved utslepp til terreng.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, § 12-7.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for avløpsvatn frå basseng på gbnr. 108/40 Lindås. Bassenget har ein storleik på om lag 27m<sup>2</sup> og total vassmengd er om lag 40m<sup>3</sup>. Det vert elles vist til søknad mottatt 07.02.2023.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som LNF-område.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i sak 22/411. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan datert 19.12.2021.

### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast med utslepp av avløpsvatn frå basseng til terreng som vist i situasjonsplan datert 19.12.2021.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare at eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningslova § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utslippet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsløppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/1182**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alexander Stokke Wiederstrøm

Sudmanns Vei 26 5037

BERGEN